



Pumpestasjonen på skuleområdet er i funksjon, men pumpar ikkje kloakk frå båtlag-området førebels (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det blir ein betydeleg kostnadsauke på kloakkanlegget i Uskedalen samanlikna med dei opprinnelege kalkylane. Det bekreftar prosjektleiar Ivar Kåre Døsland i kommunen og han stadfester også for uskedalen.no at det vil handla om millionbeløp. Men det er førebels for tidleg å antyda nokon bestemt sum, mellom anna fordi anlegget framleis ikkje er i mål.**

Sidan november har leidningsnett og pumpestasjonar på strekninga frå Uskedalen brygge via skuleområdet og til reinseanlegget på Børnesvoren i funksjon.

Det har derimot ikkje pumpinga gjennom side-leidningen frå pumpestasjonen på båtlaget sitt område og fram til skulen. Her slit ein framleis med tekniske problem som ikkje er løyst.

Overskridinga har ikkje minst samanheng med at prosjektet har vorte endra på fleire punkt undervegs på grunn av spesielle, oppståtte situasjonar. Omsynet til vassleidningen ved Eidsvik/Steinsletta kravde ein betydeleg ekstra-investering.

Passeringa av Sandakaien vart ein utfordring saman med flyttinga av pumpestasjonen frå Rabben til båtlaget sitt område.

Men dei i kommunen som har jobba med prosjektet legg for uskedalen.no vekt på at det uansett kostnadsauke vil vera gjort ei viktig grunnlagsinvestering for framtidig vekst i Uskedalen..Og dei strekar under at samarbeidet med entreprenørane Rør-Dykk og Dale Entreprenør har fungert bra.

Av Ola Matti Mathisen